



OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Kommunestyret

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtedato: 14.05.2018

Kl. 18.00 - 21.35

Saknr: 27 - 41

Av 31 medlemmer møtte 29 og 2 varamedlemmer

Medlemmer:	<p>Høyre: Ane Mari Braut Nese -ordfører, Marie Storhaug, Einar Refsnes, Idar Håland, Karl Kleppe, Ove Horpestad, Vidar Haugland, Gro Haga og Stig Penne.</p> <p>Kristelig Folkeparti: Torbjørn Hovland -varaordfører, Kjersti Olimb Salte, Kristian Haus, Siri Bloch Lindtveit og Tore Bore.</p> <p>Senterpartiet: Roar Lima Grødeland, Marianne Øvregaard, Åslaug Årsland Grude og Susanne Horpestad.</p> <p>Fremskrittspartiet: Arne Madland, Gaute Stokka, Torunn A. Rasmussen, Elisabeth Manke Bellamey, Bernt Thomas Falkum og Kjetil Maudal.</p> <p>Arbeiderpartiet: Sigmund Rolfsen, Kate Helen Seldal, Einar Erga, Maria Tjaum Eimstad og Ann Iren Amundsen.</p> <p>Miljøpartiet dei Grøne: Thorbjörg Isafold Kristjansdottir.</p> <p>Venstre: Børge Brunnes.</p>
Medlemmer - forfall:	<p>Kristian Haus -krf Elisabeth Manke Bellamey -frp</p> <p>Habilitet: <i>Ane Mari Braut Nese -h</i> reiste spørsmål om sin habilitet i sak 30/18. Jf § 6.b i Forvaltningslova. Nese gjekk frå under habilitetsbehandlninga. Kommunestyret var samde om at <i>Ane Mari Braut Nese -h</i> var inhabil.</p>
Varamedlemmer:	<p>Margit Kristine Homme Grude -krf Kurt David Thomassen -frp</p> <p><i>Varamedlem Olav Røysland -h</i> var med på behandling av sak 30/18.</p>



Andre:	<p>Rådmann Torild Lende Fjermestad Formannskapssekr. Wigdis B. Detlie</p> <p>Kommunalsjef HV Marianne Sund Kommunalsjef LU Trine E. Fossmark Kommunalsjef SB Trond Roy Pedersen Personal- og organisasjonssjef Espen Åvitsland Økonomisjef Stein Kittelsen Ass. rådmann Kåre Strand</p>
Merknader	<p>Møtet blei opna med at ein elev med lærar frå Klepp kulturskule spelte på fløyte.</p> <p>Ingen merknad til innkalling.</p> <p>Sakslista: Det var sendt ut 3 saker på tilleggsliste, sak 39/18, sak 40/18 og sak 41/18. Kommunestyret valde å behandle sak 39/18 og 41/18. Etter råd frå rådmannen valde kommunestyre å ikkje behandle sak 40/18 på dette møtet.</p> <p>Sak 36/18 blei behandla etter sak 27/18 på grunn av at revisor frå Bergenskontoret til revisjonsfirmaet Deloitte ikkje hadde anledning til å vera med på heile møtet.</p> <p><i>Varaordførar Torbjørn Hovland -krf</i> leia møtet under vurdering av ordførar sin habilitet og behandling av sak 30/18, og under ordførar sitt innlegg i sak 33/18.</p> <p>Møtet har vore kunngjort i Jærbladet.</p> <p>Jærradioen hadde sending frå møtet.</p> <p>Møtet blei direktesendt på webtv via nettsida.</p>

Underskrifter:

Utskrift publisert til:

Medlemmer og varamedlemmer i Kommunestyret, rådmannen si leiargruppe, kontrollutval og revisor.

SAKSLISTE

Saksnr.	Tittel
27/18	MØTEPROTOKOLL 09.04.2018 - GODKJENNING
28/18	BARNEBUSTAD OG AVLASTINGSBUSTAD - LOKALISERING
29/18	NY BARNESKULE PÅ KLEPPE - VIDARE FRAMDRIFT
30/18	NY BARNESKULE PÅ KLEPPE - INTENSJONSAVTALE - MAKEBYTE
31/18	JÆREN ØYEBLIKkelig HJELP - VERTSKOMMUNESAMARBEID
32/18	PPT FELLES MELLOM KLEPP OG TIME
33/18	ÅRSRAPPORT - REKNESKAP 2017
34/18	REBUDSJETTERING 2018
35/18	AVTALE FOR PARTNARSKAP FOR FOLKEHELSE I ROGALAND
36/18	FORVALTNINGSREVISJON - PERSONALFORVALTNING OG SJUKEFRÅVÆR
37/18	REFERATSAKER TIL ORIENTERING
38/18	INTERPELLASJON - INKLUDERANDE SKULE I KLEPP Blei behandla til slutt i møtet
39/18	REGIONREFORMEN - HØRINGSUTTALELSE TIL EKSPERTUTVALGETS FORSLAG OM NYE OPPGAVER TIL FYLKESKOMMUNER
40/18	KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG - PLANID 8200 - NY GANG- OG SYKKELVEG LANGS FV 252 LALANDSVEGEN - TILLEGGSBEVILGNING BUDSJETT 2019 Saka blei trekt frå sakskartet.
41/18	P-PLASS OG TOALETT BORESTRANDA

Tema:

- Dagleg leiar Ingrid Roth orienterte om Jæren Produktutvikling.

Saksnr. 27/18 Arkivsak: 17/328
MØTEPROTOKOLL 09.04.2018 - GODKJENNING

Innstilling:

Møteprotokollen frå kommunestyremøtet 09.04.18 blir godkjent.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle stemmer blei vedtatt:

Møteprotokollen frå kommunestyremøtet 09.04.18 blei godkjent.

Saksnr. 28/18 Arkivsak: 17/2959
BARNEBUSTAD OG AVLASTINGSBUSTAD - LOKALISERING

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

1. Barne- og avlastningsbustad og burettslag for funksjonshemma bli etablert på tomte i Olav Hålands veg nord.
2. Kommunen starter regulering av området.
3. Kommunen lyser ut engasjement av arkitekt for utforming av prosjektet.
4. Ekstra kostnadar knyta til opparbeiding av tomt vert innarbeid i budsjett og økonomiplan 2019-2022.

Formannskapet 23.04.2018 sak 18/18

Samrøystes TILRÅDING:

1. Barne- og avlastningsbustad og burettslag for funksjonshemma bli etablert på tomte i Olav Hålands veg nord.
2. Kommunen starter regulering av området.
3. Kommunen lyser ut engasjement av arkitekt for utforming av prosjektet.
4. Ekstra kostnadar knyta til opparbeiding av tomt vert innarbeid i budsjett og økonomiplan 2019-2022.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle stemmer blei vedtatt:

1. Barne- og avlastningsbustad og burettslag for funksjonshemma bli etablert på tomte i Olav Hålands veg nord.
2. Kommunen starter regulering av området.
3. Kommunen lyser ut engasjement av arkitekt for utforming av prosjektet.
4. Ekstra kostnadar knyta til opparbeiding av tomt vert innarbeid i budsjett og økonomiplan 2019-2022.

Saksnr. 29/18 Arkivsak: 18/37
NY BARNESKULE PÅ KLEPPE - VIDARE FRAMDRIFT

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

1. Kommunestyret ber rådmannen starta arbeidet med utarbeiding av planprogram og varsling av oppstart av reguleringsarbeid for ny barneskule på BMX-tomta på Kleppe.
2. Kommunestyret godkjenner intensjonsavtale mellom grunneigarar av gnr/bnr 22/2 og 23/4 og Klepp kommune.
3. Kommunestyret godkjenner opsjonsavtale mellom grunneigar av gnr/bnr 1/6 gjeldande kjøp av areal til ny skule, og gir rådmannen fullmakt til å inngå kjøpsavtale for nødvendig areal.
4. Kommunestyret ber rådmannen om å starta prosess for namneval på ny barneskule.

Formannskapet, 23.04.2018 sak

Samrøystes TILRÅDING:

1. Kommunestyret ber rådmannen starta arbeidet med utarbeiding av planprogram og varsling av oppstart av reguleringsarbeid for ny barneskule ved BMX-tomta på Kleppe.
2. Kommunestyret godkjenner opsjonsavtale mellom grunneigar av gnr/bnr 1/6 gjeldande kjøp av areal til ny skule, og gir rådmannen fullmakt til å inngå kjøpsavtale for nødvendig areal.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å starta prosess for namneval på ny barneskule.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle stemmer blei vedtatt:

1. Kommunestyret ber rådmannen starta arbeidet med utarbeiding av planprogram og varsling av oppstart av reguleringsarbeid for ny barneskule ved BMX-tomta på Kleppe.
2. Kommunestyret godkjenner opsjonsavtale mellom grunneigar av gnr/bnr 1/6 gjeldande kjøp av areal til ny skule, og gir rådmannen fullmakt til å inngå kjøpsavtale for nødvendig areal.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å starta prosess for namneval på ny barneskule.

Saksnr. 30/18 Arkivsak: 17/184
NY BARNESKULE PÅ KLEPPE - INTENSJONSAVTALE - MAKEBYTE

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

Kommunestyret godkjenner intensjonsavtale mellom grunneigarar av gnr/bnr 22/2 og 23/4 og Klepp kommune.

Formannskapet 23.04.2018 sak

Fleirtalet (7) tilrår:

Kommunestyret godkjenner intensjonsavtale mellom grunneigarar av gnr/bnr 22/2 og 23/4 og Klepp kommune.

1 stemte mot, Roar Lima Grødeland -sp.

Kommunestyret si behandling:

Ordfører Ane Mari Braut Nese -h var inhabil og gjekk frå. *Varamedlem Ola Røysland -h* var med på behandling av saka.

Forslag frå Roar Lima Grødeland -sp

Kommunestyret godkjenner flytting av langsiktig grense landbruk i samsvar med vedlagt illustrasjonskart datert 04.10.2017.

Votering:

Forslaget frå Roar Lima Grødeland -sp fekk 5 stemmer, sp og mdg.
Formannskapet si fleirtalstilråding fekk 26 stemmer.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Kommunestyret godkjenner intensjonsavtale mellom grunneigarar av gnr/bnr 22/2 og 23/4 og Klepp kommune.

Saksnr. 31/18 Arkivsak: 17/3276
JÆREN ØYEBLIKKELIG HJELP - VERTSKOMMUNESAMARBEID

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for helse og velferd og kommunestyret med slik tilråding:

Avtale om vertskommunesamarbeid for drift av Jæren øyeblikkelig hjelp vert vedtatt.

Helse og velferd den 18.08.2018 sak 16/18

Samrøystes TILRÅDING:

Avtale om vertskommunesamarbeid for drift av Jæren øyeblikkelig hjelp vert vedtatt.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle stemmer blei vedtatt:

Avtale om vertskommunesamarbeid for drift av Jæren øyeblikkelig hjelp vart vedtatt.

Saksnr. 32/18 Arkivsak: 16/3104
PPT FELLES MELLOM KLEPP OG TIME

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for for skule og barnehage og kommunestyret med slik tilråding:

1. Rapport om felles PPT for Klepp og Time blir tatt til orientering.
2. Det blir ikkje gjennomført felles PPT for Klepp og Time nå.
3. Nåverande samarbeid blir vidareutvikla.

Hovudutval for skule og barnehage 19.04.18 sak 11/18

Fleirtalet (8) TILRÅR:

Kommunestyret går inn for at det blir arbeidd vidare med felles PPT for Klepp og Time.

Mindretalet (1) Åslaug Årsland Grude -sp TILRÅR:

1. Rapport om felles PPT for Klepp og Time blir tatt til orientering.
2. Det blir ikkje gjennomført felles PPT for Klepp og Time nå.
3. Nåverande samarbeid blir vidareutvikla.

Kommunestyret si behandling:

Kommunestyret hadde gruppemøte.

Marie Tjaum Eimstad -a fremma hovudutval for skule og barnehage si mindretalstilråding for kommunestyret.

Votering:

Hovudutval for skule og barnehage si mindretalstilråding fekk 16 stemmer.

Hovudutval for skule og barnehage si fleirtalstilråding fekk 15 stemmer, h, krf og v.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

1. Rapport om felles PPT for Klepp og Time blir tatt til orientering.
2. Det blir ikkje gjennomført felles PPT for Klepp og Time nå.
3. Nåverande samarbeid blir vidareutvikla.

Saksnr. 33/18 Arkivsak: 17/3380
ÅRSRAPPORT - REKNESKAP 2017

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

1. Rekneskap 2017, årsrapport 2017 og finansrapport 2017 blir godkjent.
2. Mindreforbruk 2017 på kr. 16.574.405,05 vert disponert å redusere låneopptaket i 2018. Det vert gjort følgjande budsjettendringar:
 - a. Bruk av tidlegare års mindreforbruk blir inntektsført med kr 16.574.000.
 - b. Overføring til investeringsbudsjettet blir auka med kr 16.574.000.
 - c. Overføring frå driftsbudsjettet blir auka med kr 16.574.000.
 - d. Låneopptaket blir redusert med kr 16.574.000.
3. Årets låneopptak til investeringar vert nedjustert frå kr 202.138.000 til kr 185.564.000.

Formannskapet 23.04.2018, sak 24/18

Samrøystes TILRÅDING:

1. Rekneskap 2017, årsrapport 2017 og finansrapport 2017 blir godkjent.

Fleirtalet (7) TILRÅR:

2. Mindreforbruk 2017 på kr. 16.574.405,05 vert disponert til å redusere låneopptaket i 2018. Det vert gjort følgjande budsjettendringar:
 - a. Bruk av tidlegare års mindreforbruk blir inntektsført med kr 16.574.000.
 - b. Overføring til investeringsbudsjettet blir auka med kr 16.574.000.

- c. Overføring frå driftsbudsjettet blir auka med kr 16.574.000.
- d. Låneopptaket blir redusert med kr 16.574.000.

3. Årets låneopptak til investeringar vert nedjustert frå kr 202.138.000 til kr 185.564.000.

Mindretalet (2) Sigmund Rolfsen -a og Kate Helen Seldal -a TILRÅR:

2. Mindreforbruk 2017 på kr 16.574.405,05 vert sett av til disposisjonsfond.

Punkt 3 utgår.

Kommunestyret si behandling:

Votering:

Formannskapet si fleirtalstilråding fekk 31 stemmer.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

1. Rekneskap 2017, årsrapport 2017 og finansrapport 2017 blei godkjent.
2. Mindreforbruk 2017 på kr. 16.574.405,05 vert disponert til å redusere låneopptaket i 2018. Det vert gjort følgjande budsjettendringar:
 - a. Bruk av tidlegare års mindreforbruk blir inntektsført med kr 16.574.000.
 - b. Overføring til investeringsbudsjettet blir auka med kr 16.574.000.
 - c. Overføring frå driftsbudsjettet blir auka med kr 16.574.000.
 - d. Låneopptaket blir redusert med kr 16.574.000.
3. Årets låneopptak til investeringar vert nedjustert frå kr 202.138.000 til kr 185.564.000.

Saksnr. 34/18 Arkivsak: 17/1395
REBUDSJETTERING 2018

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

Rebudsjettering av investeringar og finansiering blir godkjende slik det går fram av vedlegg.

Formannskapet 23.04.2018 sak 25/18

Samrøystes TILRÅDING:

Rebudsjettering av investeringar og finansiering blir godkjende slik det går fram av vedlegg.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle stemmer blei vedtatt:

Rebudsjettering av investeringar og finansiering blei godkjende slik det går fram av vedlegg.

Saksnr. 35/18 Arkivsak: 16/644
AVTALE FOR PARTNERSKAP FOR FOLKEHELSE I ROGALAND

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

Kommunestyret godkjenner «Avtale for partnerskap for folkehelse i Rogaland» mellom Klepp kommune og Rogaland Fylkeskommune.

Formannskapet 23.04.2018 sak 22/18

Samrøystes TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner «Avtale for partnerskap for folkehelse i Rogaland» mellom Klepp kommune og Rogaland Fylkeskommune.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle stemmer blei vedtatt:

Kommunestyret godkjenner «Avtale for partnerskap for folkehelse i Rogaland» mellom Klepp kommune og Rogaland Fylkeskommune.

Saksnr. 36/18 Arkivsak: 17/869
FORVALTNINGSREVISJON - PERSONALFORVALTNING OG SJUKEFRÅVÆR

Innstilling:

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret i Klepp tar forvaltningsrevisjonsrapporten «Personalføring og sjukefråvær» til orientering.

Rapporten vert vidaresend rådmannen for oppfølging / gjennomføring av rapporten sine anbefalingar. Sak om oppfølging vert sendt kommunestyret med innstilling frå kontrollutvalet ca 6. mnd. etter at rapporten vart behandla i kommunestyret.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle stemmer blei vedtatt:

Kommunestyret i Klepp tar forvaltningsrevisjonsrapporten «Personalføring og sjukefråvær» til orientering.

Rapporten vert vidaresend rådmannen for oppfølging / gjennomføring av rapporten sine anbefalingar. Sak om oppfølging vert sendt kommunestyret med innstilling frå kontrollutvalet ca 6. mnd. etter at rapporten vart behandla i kommunestyret.

Saksnr. 37/18 Arkivsak: **17/329**
REFERATSAKER TIL ORIENTERING

Innstilling:

Kommunestyret tek referatsakene til orientering.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle stemmer blei vedtatt:

Kommunestyret tok referatsakene til orientering.

Saksnr. 38/18 Arkivsak: **16/2451**
INTERPELLASJON - INKLUDERANDE SKULE I KLEPP

Kommunestyret si behandling:

Rådmannen v/kommunalsjef for skule og barnehage svarte på spørsmålet:

«Marianne Øvregaard sin interpellasjon peikar på viktige utfordringar i skulen for å gje betre tilpassa opplæring til elevane.

Det interessante er at hennar framlegg er i tråd med dei tilrådingar Ekspertgruppa Nordahl-utvalet la fram 4.4. Rapport ligg på Kunnskapsdepartementet si heimeside.

Hovudsaker i Ekspertgruppa sitt framlegg er:

- Eit eige pedagogisk støttesystem i alle barnehagar og skular. Hjelpa barna og elevane raskare og utan behov for sakkunnig vurdering.
- Ny tverrfagleg pedagogisk rettleiingsteneste i alle kommunar. Denne skal erstatta dagens PP-teneste og delar av Statped.

Ekspertutvalet sitt framlegg blir sendt ut på høyring med høyringsfrist 15.8.. Så framlegg til høyring får hovudutvalet 31.5. Framlegget er at Klepp støttar dei framlagde endringane i rapporten.

Ekspertgruppa har mykje av det same utgangspunktet som Marianne Øvregaard har:

- Spesialundervisninga verkar ikkje i mange høve.
- Sakkunnige tilrådingar kjem for seint, og PPT er ikkje nær nok.
- Det må høgare faglege kvalifikasjonar til for å gje god opplæring. For mykje av hjelpa blir tilrådd av spesialpedagogar (PPT), men blir ikkje gjennomført av spesialpedagogar.

Fleire skular i Klepp har forsterka avdelingar der elevar kan få betre tilpassa opplæring i delar av dagen.

Eirik Raude Senter arbeider stort sett ute på skulane med elevar saman med dei tilsette. I nokre få tilfelle er elevane på ERS for ei kortare tid. Unntaket er at eldre elevar har siste skuletida si der.

PPT har delt skulane mellom seg, men slik § 5 i opplæringslova er med rettane til elevar og foreldre, blir det mange sakkunnige tilrådingar som skal skrivast: ca 140 til komande skuleår. For inneverande skuleår har 6,4 % av elevane spesialundervisning. Landgjennomsnittet er 8 %.

Marianne Øvregaard spør: Korleis kan me i praksis laga ein skule som inkluderer og bygger fellesskap? Ho peikar sjølv på vegar å gå. Og desse er i tråd med tankar administrasjonen har og som også har blitt drøfta på leiarmøtet til rektorane i Klepp. Eller som Marianne seier «musikk i øyrene». Me meiner dette fordi me har stor tru på at framlegga vil gje elevane betre fagleg tilbod og større motivasjon og trivsel.

Rådmannen stiller seg ut frå dette positiv til Marianne Øvregaard sitt framlegg til vedtak. «

Kommunestyret avgjorde samrøystes å realitetsbehandla interpellasjonen.

Forslag til vedtak frå Marianne Øvregaard -sp:

1. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei sak om organisering av spesialundervisninga i Klepp så snart som råd. Målet må vera at ein ny modell kan vera klar til bruk samstundes med at fornya læreplanar skal innførast i hausten 2020.
2. Det bør og undersøkast om Klepp - evt. Jærskulen – kan vera med i forskning kring ny organisering av spesialundervisning i samarbeid med t.d. UiS og Nordahlutvalet.

Forslag frå Marie Storhaug -h

Kommunestyret oversender interpellasjonen 'Inkluderande skule i Klepp' til hovudutval for skule og barnehage for behandling.

Kommunestyret hadde gruppemøte.

Marianne Øvregaard -sp trekte andre setning i punkt 1.

Korrigert forslag:

1. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei sak om organisering av spesialundervisninga i Klepp så snart som råd.
2. Det bør og undersøkast om Klepp - evt. Jærskulen – kan vera med i forskning kring ny organisering av spesialundervisning i samarbeid med t.d. UiS og Nordahlutvalet.

Votering:

Forslaget frå Marianne Øvregaard -sp fekk 16 stemmer.

Forslaget frå Marie Storhaug -h fekk 15 stemmer, h, ap og v.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

1. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei sak om organisering av spesialundervisninga i Klepp så snart som råd.
2. Det bør og undersøkast om Klepp - evt. Jærskulen – kan vera med i forskning kring ny organisering av spesialundervisning i samarbeid med t.d. UiS og Nordahlutvalet.

Saksnr. 39/18 Arkivsak: **17/735**
REGIONREFORMEN - HØRINGSUTTALELSE TIL EKSPERTUTVALGETS FORSLAG OM NYE OPPGAVER TIL FYLKESKOMMUNER

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til kommunestyret med slik tilråding:

Kommunestyret godkjenner høringsuttalen til ekspertutvalgets forslag om nye oppgaver til fylkeskommuner slik den fremgår av denne saken, under vurderingene i punktene 1-9.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle stemmer blei vedtatt:

Kommunestyret godkjenner høringsuttalen til ekspertutvalgets forslag om nye oppgaver til fylkeskommuner slik den fremgår av denne saken, under vurderingene i punktene 1-9.

Saksnr. 40/18 Arkivsak: **16/2973**
KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG - PLANID 8200 - NY GANG- OG SYKKELVEG LANGS FV 252 LALANDSVEGEN - TILLEGGSBEVILGNING BUDSJETT 2019

Etter råd frå rådmannen valde kommunestyre å ikkje behandle sak 40/18 på dette møtet.

Saka blei derfor ikkje realitetsbehandla.

Saksnr. 41/18 Arkivsak: **18/547**
P-PLASS OG TOALETT BORESTRANDA

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til kommunestyret med slik tilråding:

1. Kostnadsrammen for P-plass og toalett Borestranda blir økt til kr. 8.200.000,-.
2. Økningen blir finansiert med:
 - a. Økt mva kompensasjon på kr. 560.000,-.
 - b. Økt tilskudd fra statens veivesen på kr. 1.320.000,-.
 - c. Bruk av disposisjonsfond på kr. 1.320.000,-.
3. Økning i driftsutgifter blir innarbeidet i økonomiplanen.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle stemmer blei vedtatt:

1. Kostnadsrammen for P-plass og toalett Borestranda blir økt til kr. 8.200.000,-.
2. Økningen blir finansiert med:
 - a. Økt mva kompensasjon på kr. 560.000,-.
 - b. Økt tilskudd fra statens veivesen på kr. 1.320.000,-.
 - c. Bruk av disposisjonsfond på kr. 1.320.000,-.
3. Økning i driftsutgifter blir innarbeidet i økonomiplanen.